

Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 1. mars 2010



Generalforsamling. Det vert halde generalforsamling i Velledalen grendahus tysdag 9.mars klokka 20.00 B-luteigarmøte klokka 19.00.

Velledalen naturbarnehage. Det vert meldt om ledige plassar i Velledalen Naturbarnehage. Interesserte kan ta kontakt med barnehagestyrar Torild Hole eller styreleiar Lidvar Nilsen.

Velledalen skule. I høyringsuttalen som Sykkylven kommune har sendt ut er Velledalen skule føreslegen nedlagt. Eit folkemøte sist måndag stadfesta det alle hadde venta; velledalingane ynskjer behalde skulen sin.

Jokerbutikken. Det kjem mange spørsmål om korleis det går med butikken i dalen. Informasjonen derifrå har vore heller liten siste tida,men no har vi fått inn ei ”børsmelding”. Den er for vag til å gi klare svar, men vi tek den med i si heilheit.

” Vi har brukbar omsetning og førebels reknskapstal for 2009 ser bra ut, men vi treng alle kundane vi kan få. Vi har hatt store investeringar i det siste med oppgraderinga av butikken og det krev auka omsetning for å forsvare dette. Minner om at ting er veldig avhengig av kvarandre. Damene på butikken trivst, men dei vil ha fleire kundar.

Det ryktast at fleire hytteeigarar er vasslause. På Joker kan dei få handle, tippe og fylle vasskannene sine”.

Velledalen symjehall. Symjehallen slit økonomisk. Det har vore gjort grep for å redusere utgiftene, men spørst om det er nok. Symjehalldriften vert sak i generalforsamlinga til grendahuset og symjehallen (9.mars).

Men symjehallen er open, og det ligg ikkje issørpe i vatnet om nokon måtte tru det. Både dalafolk, ”fjellfolk” og andre er hjarteleg velkomne til desse opningstidene:

Måndag: 1800-1900 Familiebading	1900-2000 Damebading
Onsdag: 1800-1900 Familiebading	1900-2000 Herre bading
Laurdag: 1300-1400 Babybading	1400-1800 Familiebading

Bygdemobiliseringsprosjekt. Det vert arbeidd på fleire plan med ulike prosjekt. Ynskjer du vere med, eller har innspel, ta kontakt med Petter Velle eller Jan Ove Skogvold

*Sykkelveg Fet – Fjellsæterskiftet	*Skilting i dalen
*Servering/kafé i grendahuset	*Servering av økologisk mat
*Utleigebustader	*Samlingsstad for ungdom

*Nye næringer med bakgrunn i eksisterande aktivitet

*Ei arbeidsgruppe har vore i arbeid og sett på alternativ for mindre bustadfelt, og ein ynskjer innspel på stader som kan eigne seg for bustadbyggjing.

7.mars. Dagen før kvinnedagen arrangerer trimgruppa i VIL skileik på Brunstad. Håper mange vil setje lokale skispor i snøen denne dagen. Viser til eige skriv frå trimgruppa.

Den Store Silledagen. Sondag 7.mars er alle velkomne til eit festmåltid av sild. Meir rikhaldig meny enn nokon gong før. I år også med boknasild. 623 sildekaker ligg ventande på folket – som kan kome når dei vil frå klokka 1300 og utover dagen (til ca 1730 om maten held så lenge) Pris kr 150,- for vaksne (kr. 120,- for honnør) og kr. 50,- for born. Bordquiz med premiering.

Flott NM-innsats. Kenneth Fet vart nummer 65 i junior-NM i langrenn i dag. Ein absolutt godkjent prestasjon av Kenneth som brukte 44.33 i den 15 kilometer lange løypa i Stryn (Ullsheim i Markane). 127 løparar kom i mål i klasse G 18, så Kenneth slo nær 50 prosent av løparane. Beste sunnmøring vart Morten Nerem på 24. plass.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.